

Jf. adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5207551/5207551_Nabovarsel.docx

Dato:

2020-11-30

► Nabovarsel søknad om dispensasjon og løyve for utviding av industriareal ved Sæle Sag AS

Byggeplass: Sæle Sag AS, Sæle, Gnr. 388 bnr. 1 og gnr. 388 bnr. 1 fnr. 1

Tiltak: Utviding av industriareal for utandørs lagring av tømmer og ferdig produkt

Tiltakshavar: Sæle Sag AS

Adresse: Sæle 6, 6899 Balestrand

Ansv. søker: Norconsult AS

Adresse: Trolladalen 30, 6856 Sogndal

På vegne av Sæle Sag AS vert det søkt om dispensasjon og løyve til utviding av industriområde ved Sæle Sag.

Tiltaka omfattar:

- Utsprenging av eit areal på tilnærma 700 m² rett nordvest for dagens industrilokale. Arealet skal berre nyttast til utandørs lagring, det vert ikkje søkt om oppføring av bygningar.
- Inngrepet føreset utsprenging av tilnærma 4 880 m³ fast fjell. Legg ein til grunn ein ekspansjonsfaktor på 1,6 vert dette då tilnærma 7 800 m³ sprengt stein. Arealet vert opparbeida på kote 2,5 med 2 % fall mot fjorden for avrenning.
- Mot nord har skjeringa ei høgde frå 9,5 m i nordvest til 16 m i nordaust. Øvre kant av skjering har 4 m avstand til bekken i vest og 13 m minsteavstand til senterlinje for fylkesvegen i nord.
- Bedrifta legg til grunn at steinen som vert sprengt ut, vert transportert ut og seld vidare.

Vedlagt dette nabovarselet er dispensasjonssøknad frå krav om reguleringsplan i arealdel til kommuneplanen, samt dispensasjon frå Pbl § 1-8. Det er også lagt ved situasjonsplan som syner plassering av tiltaket (vedlegg D-01), 3D-visualisering frå kommunekart.no som syner dagens situasjon (vedlegg E-01), snitt-teikningar av det aktuelle arealet (vedlegg E-02), samt modell av utvidinga (vedlegg E-03).

Spørsmål kan rettast til Norconsult AS v/ Cornelis Erstad på telefon 41 04 37 15, eller skriftleg på e-post til: cornelis.erstad@norconsult.com

Alternativt i brevform til: Norconsult AS v/Cornelis Erstad

Campus Fosshaugane

Trolladalen 30

6856 Sogndal

Dersom det er merknadar eller protestar til tiltaket, må desse sendast skriftleg via www.alltinn.no som eit svar på nabovarselet du mottok der. Alternativt kan du sende merknaden til e-postadressa eller adressa over. Merknadar må sendast innan 14 dagar etter at varselet har vorte sendt frå oss. Eventuelle nabomerknadar vert vedlagt og besvart i søknaden til kommunen.

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Cornelis Erstad

Cornelis Erstad